

CEA i serum

Karsinoembryonalt antigen

Bakgrunn

Karsinoembryonalt antigen (CEA) er eit stormolkylært glykoprotein som blir produsert i slimhinnene i tjukktarmen. Ved mange maligne svulstar finn ein auka verdiar av s-CEA, særleg ved svulstar i tjukktarm og endetarm. CEA er eit tumorassosiert protein, men ikkje eit tumorspesifikt idet også andre ikkje-maligne sjukdommar kan gi auka s-CEA.

Indikasjonar

Terapikontroll etter behandling av cancer i tjukktarm og endetarm.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

< 4 µg/L

Tolkingar

Høge verdiar: Cancer i gastrointestinaltrakta, pancreas, lunger, bryst, ovarier og ved medullær thyreoideacancer, samt ved ikkje-maligne tilstandar som ulcerøs colitt, Crohns sjukdom, divertikulose i tjukktarm, leverlidingar og lungeinfeksjonar. Røykarar har normalt litt høge verdiar. Stigande verdiar etter operativ behandling gir mistanke om at ikkje heile tumoren er fjerna, metastasar eller residiv.

Ikkje alle gastrointestinale cancerar gir auka s-CEA verdiar.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 12,7 %